



Arkivsaknr: 2024/8077-3
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 frå 01.10.24 - 30.09.28 - Milano Knarvik AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Milano Knarvik AS org. nr 920281605 får innvilga alminnelig skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 innadørs og utandørs for Milano Knarvik, Kvassnesvegen 2, 5914 Isdalstø.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 inne er måndag – torsdag kl 10 – 23.00. Fredag frå kl 10.00 – 02.00 og laurdag frå kl 12.00 – 02.00. Søndag frå kl 12.00 – 23.00
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe inne 3 er alle dager frå 13.00 – 23.00 måndag – torsdag. Fredag og lørdag frå kl 13.00 – 01.00 og søndag frå kl 13.00 – 23.00.
4. Skjenketid utandørs Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 utandørs er måndag – torsdag kl 10 – 23.00. Fredag frå kl 10.00 – 24.00 og laurdag frå kl 12.00 – 24.00. Søndag frå kl 12.00 – 23.00
5. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe inne 3 er frå 13.00 – 23.00 måndag – torsdag. Fredag og lørdag frå kl 13.00 – 24.00 og søndag frå kl 13.00 – 23.00.
6. Styrar for skjenkeløyvet er Rojhat Baran f. 07.03.76 og avløyssar er Ferhat Altinpinar f. 20.12.78
7. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

Milano Knarvik AS org. nr 920281605 har i søknad datert 03.07.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - 3 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 inne og utandørs. Milano Knarvik AS fekk innvilga løyvet første gang 04.06.24. Rojhat Baran er styrar for skjenkeløyvet og Ferhat Altinpinar er avløysar.

Ønska skjenketid inne og utandørs er måndag – torsdag kl 10 – 23.00. Fredag frå kl 10.00 – 02.00 og laurdag frå kl 12.00 – 02.00. Søndag frå kl 12.00 – 23.00

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkohollova §1- 6). Milano Knarvik AS søker løyve for ny periode.

Det blir vurdert at det ikkje er naudsynt med innhenting av ny vandel.

Alver kommunestyre vedtok i møte 19.06.24 sak 57/24 Forskrift om sals-, skjenke-og opningstider i Alver kommune. Alminnelege skjenketider er frå kl 08.00 – 02.00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 med unntak av søn- og heilagdager då startar skjenkinga kl 12.00. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er alle dagar frå kl 13.00 – 01.00. Tidene gjeld både skjenking inne og utandørs.

Sidan Milano Knarvik AS ligg i nærleiken av eit bustadfelt vert det tilrådd å avgrensa skjenketida utandørs til kl. 24.00 jfr sak 28/24 utval for levekår.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkohollova §1-7 c.

Alkohollova §1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.